



Forsvarsbygg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/517 - 19/4639

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

26.02.2019

## Høyringsvar - tiltak i forureina grunn på Skjelanger Skyte og øvingsfelt (SØF) i Meland kommune

Viser til høyringsbrev datert 01.02.2019 om tiltak i forureina grunn Skjelanger skyte og øvingsfelt (SØF) – bane 1 i Meland kommune. Dykkar ref. 2014/4081-7/474.

Forsvarsbygg ber om høyringsvar på miljøgeologisk undersøking, risikovurdering og tiltaksplan for bane 1 på Skjelanger skyte og øvingsfelt utarbeidd av Multiconsult. Forsvarsbygg planlegger å sanere bane 1 på Skjelanger skyte og øvingsfelt i løpet av våren 2020, med moglegheit for framskynding til hausten 2019. Før søknaden om løyve vert sendt til Fylkesmannen i Vestland vert den sendt på høyring.

Det er gjort grundige grunnundersøkingar av skytebanen og av bekken/vassdraget i området for å kartlegga omfanget av ureining, og dette er lagt til grunn for risikovurdering og tiltaksplanen. Meland kommune meiner det er greidd ut godt for grunnforholda og korleis ein må gjennomføre saneringa for å nå dei miljømåla som er satt for prosjektet. Meland kommunen meiner at det viktig å ha fokus på å unngå spreining av ureining ved gjennomføring av sanering. Ved graving- og mellomlagring ureina masser må desse sikrast.

Etter saneringa skal området tilbakeførast, enten ved tilføring av nye massar eller ved bruk av massar frå nærleiken til skytebane 1. Meland kommune meiner det vil vere viktig at område vert ferdigstilt og tilbakeført på ein slik at inngrepet vert minst mogleg synleg. Det må tilpassast terrenget på ein god måte. Det må leggst til rette for ein rask reetablering av vegetasjonen, slik at ein reduserer kor synleg inngrep er i terrenget.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Mottakere:**  
Forsvarsbygg